



Hordabø Idrettslag
Radøyvegen 2795
5937 BØVÅGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2405 - 14/11978

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

04.11.2014

Tildeling av kulturmidlar - idrett

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar heimehørande i Radøy kommune. Det er sett av kr 325 000 til kulturmidlar for 2014, som skal fordelast etter retningslinjer vedteke i sak 55/00 av formannskapet. Kulturmidlane er grovfordelt etter delingsnøkkel, som gjev kr 10 000 til lag for funksjonshemma, 45% til idrett, 35 % til song og musikk, 20 % til andre lag og organisasjonar.

Kriterier som skal vektleggjast ved tildeling er:

- medlemstal under 18 år
- allsidig aktivitet
- tilrettelegging for funksjonshemma
- aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper
- kvalitet på aktivitetane
- medlemskontingent

Det er gjeve kr 141 750 til fordeling for søknader til lag som kjem i kategorien idrett. Radøy idrettsråd har kome med uttale til tildeling av driftsmidlar. Idrettsrådet har vektlagt medlemstal (60 %) og administrasjon (40 %). Rådmannen har ingen merknader til idrettsrådet sitt framlegg. Rådmannen vedtek følgjande tildeling av kulturmidlar for 2014 i tråd med idrettsrådet si innstilling:

Radøy skyttarlag	kr 11034
Radøy sportsskyttarlag	kr 9528
Radøy/Manger fotballklubb	kr 40749
Manger idrettslag	kr 10077
Radøy idrettslag	kr 27600
Hordabø idrettslag	kr 24124
Radøy symjeklubb	kr 13639

Beløpa vert sett inn på bankkontonummer oppgjeve i søknaden. Manglar det godkjend revidert rekneskap for 2013, må dette leverast inn før pengane vert utbetalt dykkar konto.

Takk for god frivillig innsats i 2014, og lukka til med arbeidet neste år!

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som vert ønskt, og dei grunnar De vil gje for klaga.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordabø Idrettslag Idrettsrådet	Radøyvegen 2795	5937	BØVÅGEN
Manger idrettslag	Postboks 76	5931	MANGER
Radøy idrettslag v/Jostein Borlaug			
Radøy skyttarlag	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy sportsskyttarlag	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy symjeklubb			
Radøy/Manger FK	Pb 47	5931	MANGER